

Objekt, eigar/søkjar	Tildelt
<p>1 Ålesund kommune, gbnr 200/474 – Steinvågevegen 23</p> <p>Murbygg frå 1920 i «trebyen» på Aspøya, regionalt verdifullt kulturmiljø. Tilskot til reparasjon, utskifting/ omlegging av skifertak. Bustadbygg med stor nytteverdi.</p>	45 000
<p>2 Fræna kommune, gbnr 83/8 – Våningshus Megarden på Skotten</p> <p>Våningshus, blikkfang langs den nasjonale turistvegen. Alderdomlege særtrekk. Prosjektet har høge ambisjonar - gjeld reparasjon i konstruksjon, tak, vindaug og bordkledning.</p>	80 000
<p>3 Fræna kommune, gbnr 112/4 – Notnaustet på Lemholmen i Bud</p> <p>Mykje autentisk lang naustbygning, høg lokal til regional verdi. Ideelt initiativ og formål, Tilskot til istandsetting/ utskifting og vedlikehald av hovudkonstruksjon, golv og bordkledning.</p>	80 000
<p>4 Sunndal kommune, gbnr 68/1 – Smie på Hjelden</p> <p>Høg lokal verdi. Oppfølging av tilstands-/ tiltaksrapport støtta av fylkeskommunen. Tilskot til oppattmuring av esse og pipe med tilbakeføring av takkonstruksjon og tekking, noko reparasjonar i veggjar.</p>	40 000
<p>5 Fræna kommune, gbnr 85/1 – Storbåtnaustet i Julshamna</p> <p>Naust med veggjar i natursteinmurar ved startpunkt for viktig kyststi. Høg lokal til regional verdi. Oppfølging av tilstands-/ tiltaksrapport med støtte frå fylkeskommunen. Tilskot til nødvendig reparasjon/ utskifting av tak med store skader.</p>	55 000
<p>6 Gjemnes kommune, gbnr 32/1 – Stokkåsen, stove</p> <p>Gamal autentisk stove med høg lokal verdi. Ideelt formål. Tilskot til reparasjonar/ utskifting i tak, omlegging av taktekking, noko utskifting i golv, vegg og kledning i svalen.</p>	55 000
<p>7 Fræna kommune, gbnr 46/92 - Vågsetersmia i Elnesvågen</p> <p>Rapport frå Romsdalsmuseet viser smie med særst interessant plassbygd inventar, regional verdi, står i fare for å bli flytta med vesentleg reduksjon i verneverdi. Nyttast til formidling. Tilskot til reparasjon/ utskifting i tak og kledning, stell av vindaug, maling.</p>	75 000
<p>8 Sykkylven kommune, gbnr 14/1- Phil-stabburet på Aure</p> <p>Regionalt verdifullt gardstun. Tidlegare avslått (ufullstendig søknad) med oppmoding om å søkje på nytt. Tilskot til reparasjon av takkonstruksjon og tekking.</p>	25 000
<p>9 Volda kommune, gbnr 19/859 – "Espehuset», Anders Vassbotnvegen 23</p> <p>Bustadhuset er særmerkt i tettstadmiljøet og blir regulert til vern. Tilskot til reparasjon av tak. Søknaden vart avslått i 2018 med oppmoding om å søkje på nytt. Er i bruk og har såleis stor nytteverdi for eigaren.</p>	50 000

<p>10 Hareid kommune, gbnr 67/7 – Våningshus, løe og skjøtsel i Gamleåsen</p> <p>Høg lokal verdi. Garden er eit intakt gamalt veglaust tun som står til forfall; løa prekær. Lett tilgjengeleg som turmål langs fjorden.</p>	<p>95 000</p>
<p>11 Haram kommune, gbnr 10/75– Malistøvå på Ulla</p> <p>Stova er ikkje ein del av regulert verneområde men sentral i eit særs viktig kulturmiljø. Gavlvegg i natursteinsmur gir markert særpreg. Tilskot til reparasjon/ utskifting vindauge. Blir sett i stand etappesvis som delprosjekt med stor omsorg for antikvariske detaljar. Ein vegg er sett i stand tidlegare tidlegare.</p>	<p>48 000</p>
<p>12 Giske kommune, gbnr 185/7 – Gamle Prestegarden på Valderøy</p> <p>Del av eit verna og regionalt verdifullt kulturmiljø. Lekkasjeskader. Tilskot til nødvendige reparasjon og relegging av skifertak. Høge kostnader. Bustadhus i bruk med nytteverdi for eigaren.</p>	<p>100 000</p>
<p>13 Aukra kommune, gnr 3 – Kvernhus på Horrem</p> <p>Regionalt verdifullt kulturminne, nyttast til formidling. Stengt av omsyn til sikkerheit. Tilskot til støttemur/ fundament, renne og kvernkall.</p>	<p>45 000</p>
<p>14 Ørsta kommune, gbnr 171/8 – Stavset internatskule</p> <p>Gjeld siste fase av eit stort og godt prosjekt med mykje dugnadsinnsats.</p>	<p>150 000</p>
<p>15 Ørsta kommune, gbnr 169/14– Sæbø Damskipekspedisjon, Hjørundfjord gamle kommunehus</p> <p>Stor bygning – høg lokal og kanskje regional verdi. Tilskot til reparasjon og omlegging av skifertak. Ideelt formål og initiativ.</p>	<p>155 000</p>
<p>Sum</p>	<p>1 098 000</p>